

Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:
Fylkesutvalet i Vestland gjer tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sideveger for E39 Svevatjørn-Rådal.»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, SV, KrF og V fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune syner til at vegsambandet og bompengeløysinga for E 39 Svevatjørn-Rådal er godkjend i Stortinget, og fylkeskommunen held seg til dette då fylket har stilt garanti for planlagd innkrevjingsbeløp. Dersom Staten svekkar finansieringsvilkåra på ein måte som gjer at fylkeskommunen sine vilkår for garanti vert endra, så vil ikkje Vestland fylkeskommune stå ved sine garantiforpliktingar utover vilkåra i St.prop for vegsambandet. Det same vil gjelda for nytt Sotrasamband.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Heen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, FNB).

Vedtak

Vestland fylkeskommune syner til at vegsambandet og bompengeløysinga for E 39 Svevatjørn-Rådal er godkjend i Stortinget, og fylkeskommunen held seg til dette då fylket har stilt garanti for planlagd innkrevjingsbeløp. Dersom Staten svekkar finansieringsvilkåra på ein måte som gjer at fylkeskommunen sine vilkår for garanti vert endra, så vil ikkje Vestland fylkeskommune stå ved sine garantiforpliktingar utover vilkåra i St.prop for vegsambandet. Det same vil gjelda for nytt Sotrasamband.